

FORSLAG TIL INSTRUKS FOR ADMINISTRERANDE DIREKTØR I HELSEFØRETAK

1. Formål med instruksen

Denne instruksen beskriv rammene for administrerende direktør sitt arbeid og omhandler ansvar, oppgaver, plikter og rettigheter. Instruksen bygger på lover om helseføretak og vedtektene for Helse X HF.

2. Overordna rolleavklaring

Styret fastset strategiar og rammer for Helse X HF. Administrerende direktør si rolle er å utvikle og iverksetje strategiar og handlingsplanar på lang og kort sikt i samsvar med styret sine beslutningar og instruksar, samt å følgje desse opp, jfr. § 37 i helseføretakslova.

Styret tilset administrerende direktør, fastset lønna og andre tilsetjingsvilkår. Styret skal føre tilsyn med administrerende direktør sitt arbeid. Styret gjer vedtak om å seie opp eller avskjedige administrerende direktør, jfr. § 36 i helseføretakslova.

Administrerende direktør deltek på styremøta med mindre særlege grunnar tilseier noko anna. Administrerende direktør har tale- og forslagsrett i styremøtet.

3. Administrerende direktør si myndigheit.

Administrerende direktør utøver den daglege leiinga av Helse X HF og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i føretaket er av uvanleg art eller av stor betydning. Administrerende direktør pliktar å føreleggja saker av slik natur for styret. Dersom det vil medføre vesentleg ulempe for føretaket si verksemd å avvente vedtak i styret, kan dagleg leiar avgjere slike saker. Styret må i slike tilfelle bli underretta om saka snarast råd.

Den nærmare avgrensinga av myndigheita til administrerende direktør i forhold til styret, blir fastsett i eigen fullmaktsmatrise.

Administrerende direktør representerer føretaket utad i saker som fell inn under hans myndigheit, jfr. helseføretakslova § 39.

4. Administrerende direktør sine oppgaver

4.1. Overordna føringar

Administrerende direktør skal arbeide for at Helse X HF utfører sine hovedoppgåver slik det går fram av vedtektene, føretaksprotokollar, styringsdokument , overordna føretaksplan for Helse Vest og strategidokument vedtatt av styret i Helse X HF.

Administrerende direktør har ansvar for at regionale oppgåver,mål og strategiar som fylgjer av dokumenta nevnt ovanfor blir kommunisert og etterlevd i helseføretaket sin organisasjon.

Det er administrerende direktør sitt ansvar å sørge for at helseføretaket sin eigen visjon, verdigrunnlag, mål og strategiar blir kommunisert og etterlevd i organisasjonen.

4.2. Hovedoppgåver

Administrerende direktør sine hovedoppgåver følgjer naturleg av rolla som dagleg leiar av Helse X HF. Nedanfor er ei oversikt over hovedoppgåver som inngår i ansvaret til administrerende direktør.

4.2.1. Strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering

Administrerende direktør skal innan rammene fastsett av styret sørge for at det i helseføretaket vert gjennomført langsiktig strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering. Dette arbeidet skal utførast i samsvar med dei rammer for samarbeid og samhandling i regionen som er trekte opp av Helse Vest RHF, jfr. § 5 i vedtektene.

4.2.2. Regnskap

Administrerende direktør skal sørge for at føretaket si registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på betryggande måte, jfr. helseføretakslova § 37,siste ledd.

4.2.3. Rapportering

a) Informasjon til styret

Administrerende direktør har plikt til å informere styret om føretaket si verksemd, stilling og resultatutvikling. Minst kvar 4. månad (tertial) skal administrerende direktør gi styret skriftleg rapport om situasjonen i Helse X HF, jfr. § 38 i helseføretakslova. Rapporten skal innehalda både økonomiske og ikkje-økonomiske forhold, herunder eit spesielt fokus på helsefagleg kvalitet og innhald samt effektivitet. Særleg må det gjerast greie for føretaket si stilling og utvikling i forhold til vedtatte planar og budsjett.

På kvart styremøte skal det orienterast om selskapet sin økonomiske og driftsmessige situasjon. Styret har til eikvar tid rett til å krevje at administrerende direktør gir styret informasjon både av generell art og i saker av særskilt interesse. Tilsvarende har administrerende direktør ansvar for å halde styret informert om vesentlege forhold så vel internt som eksternt.

b) Årsmelding og årsrekneskap

Administrerende direktør skal utarbeide forslag til årsmelding og årsrekneskap til styret. Administrerende direktør har ansvaret for at årsmelding og årsrekneskap blir sendt føretaksregisteret.

c) Rapportering til Helse Vest RHF

Administrerende direktør har ansvar for å førebu rapportering til Helse Vest RHF slik som styret er pålagt etter § 13 i vedtektene for Helse X HF. Dette omfattar årleg melding og kvartalsvis rapportering i samsvar med dei krava som er stilte i § 13 i vedtektene.

4.3. Saksførebuing

4.3.1. Styremøter

Styreleiar har det formelle ansvaret for styrebehandlinga av sakene. Saksliste vert sett opp av styreleiar i samråd med administrerende direktør. Administrerende direktør førebur sakene til styremøtet i samråd med styreleiar. Administrerende direktør føretek innkalling til styremøta i samråd med styreleiar.

Administrerende direktør kan krevje at styret vert samankalla.

Styreprotokollen skal førast i tråd med offentlegheitslova og krava til meiroffentlegheit.

4.4. Føretaksmøtet

Administrerende direktør pliktar å møte i føretaksmøtet og har rett til å uttale seg i møtet. Ved lovleg forfall møter stedfortredar.

4.5. Leiarfora

Administrerende direktør skal delta i det etablerte direktørforum i Helse Vest.

Administrerende direktør skal sørge for at helseføretaket er representert i dei andre leiarfora i Helse Vest.

Administrerende direktør har ansvar for at det vert etablert effektive leiarfora og drive gode leiarutviklingsprosessar i helseføretaket. Administrerende direktør skal ha eiga leiargruppe i Helse X HF.

4.6. Samarbeidsprosjekt i Helse Vest

Administrerende direktør skal sørge for at helseføretaket deltek i regionale samarbeidsprosjekt som Helse Vest RHF tek initiativ til. Dette omfattar også nasjonale eller interregionale prosjekt som helse Vest RHF ber om at helseføretaket deltek i.

4.7. Samarbeid med andre

Administrerende direktør skal bidra til at det vert etablert nødvendig samarbeid med og rettleiing ovafor kommunane både administrativt og klinisk, slik at pasientane vert sikra eit heilskapeleg helsetilbod. Det same gjeld i forhold til fylkeskommunale samarbeidspartar og i forhold til andre aktuelle statlige ansvarsområde.

Administrerende direktør skal bidra til at det vert etablert nødvendig samarbeid med universitet og høgskular i samsvar med eigen instruks om samarbeid med helseføretaka.

Administrerende direktør skal gjennom samarbeid og dialog med pasient- og brukarorganisasjonar sikre brukarmedverknad i samsvar med § 35 i helseføretakslova og vedtektene.

4.8. Kommunikasjon og openheit

Administrerende direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som tilrettelegg for openheit og innsyn og er eigna til å byggje tillit til og styrke omdømmet til verksemda. I dette arbeidet skal lov om offentlegheit og krava til meiroffentlegheit leggjast til grunn.

4.9. Personal og organisasjon

Administrerende direktør har ansvaret for at Helse X HF er rett organisert og har ein samla kompetanse som sikrar at oppgavene blir ivaretatt på ein god måte.

Administrerende direktør har ansvaret for at det vert etablert fullmaktsstrukturar som sikrar at det er klarheit omkring fullmaktsforhold i verksemda

Administrerende direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som sikrar at krava til helse, miljø og sikkerheit vert ivaretatt og at det blir tilrettelagt for eit sunt og godt arbeidsmiljø.

5. Resultatkrav og evaluering av administrerende direktør

Styret skal ein gong årleg gjennomføre evaluering av administrerende direktør. Styret kan fastsetje årlege resultatkrav til administrerende direktør. Styreleiar skal kvart år ha ein leiarsamtale med administrerende direktør.